

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Formannskapet
Møtestad: *KST sal Hareid rådhus*
Dato: *21.5.2015*
Møte tok til *10:00*
Møte slutta *13:45*

Formannskapet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjort med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 13.5.2015.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Dag Audun Eliassen	Varaordfører	FL
Hallgeir Teigene	Medlem	FL
Anders Riise	Ordfører	H
Einar K. Warholm	Medlem	V

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Perny Ann Nilsen	MEDL	FRP
Kjersti Røyset Toppol	MEDL	KRF

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Ingunn Petrin Pettersen	Kjersti Røyset Toppol	FL
Truls Håbakk	Perny Ann Nilsen	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Grimstad	Fungerande rådmann
Trine Falkenstein	Kommunalsjef
Berit Aasen	Kommunalsjef
Kai Rune Bjørke	Leiar PUA
Ottar Grimstad	Kommunelege
Helge Leikanger	Økonomiavdeling
Lars Hustad	Leiar VAR
Anne Kathrine Løberg	Landbrukssjef
Monica Torvik	Helsekoordinator
Mariann Båtnes	Rådgjevar oppvekst
Olav Helt Brubakk	Ingeniør

I tillegg møtte:



Jarl Schrøder
Inga Ishild Hareide

Leiar for kontrollutvalet
Medlem i kontrollutvalet

Ordførar Anders Riise leia møtet

7 voterande

Formannskapet handsama PS 60/15

Perny-Ann Nilsen FRP, stilte spørsmål til ordførar:

- Kva er status vedkomande rådmannen si sjukemelding.
- Kva er status vedkomande bygging av prestebustad no når presten har sagt opp si stilling.

Ordføraren orienterte.

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	

Det vert med dette kalla inn til ekstramøte i formannskapet med vitjing av fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Programmet for dagen i Hareid:

10.00	Velkommen ved ordfører
10.10	Om Hareid v/ ordfører og rådmann
10.40	Pause
10.45	Innlegg ved fylkesmann Lodve Solholm
11.15	Innlegg fra Miljøverndirektør, 15 min + diskusjon
11.45	Lunch
12.15	Innlegg fra Oppvekst og utdanning
12.45	Innlegg fra Helse og sosial
13.15	Innlegg fra Landbruk
13.45	Pause

PS 60/15	Oppretting av kommune komité og løyvingar frå Hareid kommune til TV-aksjonen 2015 "Regnskogsfondet"	2015/576
-----------------	--	----------

Gjer merksam på at det kl. 14.00 vert møte med kommunestyre og fylkesmannen, og at det ordinære kommunestyremøte startar kl. 16.00 denne dagen. Sjå eiga innkalling.



Hareid, 13.5.2015

Anders Riise
ordfører

Anne-Karete Mork
utvalsekretær



POLITISKE SAKER

PS 60/15 Oppretting av kommune komité og løyvingar frå Hareid kommune til TV-aksjonen 2015 "Regnskogsfondet"

Formannskapet si handsaming:

Det vart halde eit ekstra formannskapsmøte etter det ordinære kommunestyremøtet, det PS 60/15 vart handsama.

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

1. Formannskapet vedtek å delta i innsamlingsaksjonen : TV-aksjonen «Regnskogsfondet».
2. Medlemene i formannskapet vert oppnemnd som kommunekomité. Ordførar vert vald som leiar og varaordførar vert vald som nestleiar.
3. Sekretær for komiteen er servicetorg og politisk sekretariat v/ Ruben-Kenneth Brandal.
4. Formannskapet løyver kr 15.000,- til TV-aksjonen 2015. Løyvinga vert dekt av konto for reserverte tilleggsløyvingar.
5. Formannskapet oppfordrar frivilljuge einskildpersonar og organisasjonar om å vere med som bøsseberarar på innsamlingsdagen.

Anne-Karete Mork
Utvalsesekretær

Anders Riise
Ordførar